

KONF  
IRM  
AN  
20 ✝ 22



DEN NORSKE KYRKJA  
Sula Sokn



**Velkomen!**

---

**No er det din tur til å bli**

---

**konfirmant i Sula kyrkjelyd!**

---

ENDELEG KONFIRMANTTID!

# Ei viktig tid - eit viktig val!

Det er berre eitt år til ein høgtideleg dag i livet ditt. Vi ynskjer deg velkomen som konfirmant i Sula kyrkjelyd!

**Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkomen til konfirmasjon i kyrkja.**

I konfirmasjonstida kan du lære meir om deg sjølv og Gud. Du får høve til å utforske nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud. Samtidig får du oppleve mykje nytt.

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

Å vere konfirmant er eit naturleg val for alle døypte. Dersom du ikkje er døypt, kan du likevel vere konfirmant. Vi gjennomfører då ei dåpshandling i løpet av konfirmantåret.



# Konfirmant 2022

**Hovudtema** for Konfirmant 2022 er:

## Kven er eg?

Vi vil forsøke å nærme oss dette spørsmålet frå ulike vinklar, og sjå på kven vi er i forhold til andre: i forhold til foreldra våre, vener, kjærestar og kven vi er i forhold til Gud.

---

## Påmelding

**Påmeldinga opnar torsdag 10.juni kl. 18.00.**  
**Påmeldingsfrist torsdag 24.juni.**

**For å melde deg på, går du inn på nettsida vår:**

[www.kyrkja.no/sula](http://www.kyrkja.no/sula)

**Her vil du finne link til påmeldingsskjemaet.**

Det blir infomøte strømmen "live" frå Sula kyrkjelyd si facebookside onsdag 09. juni kl. 18.00.

Sjå vedlagt brev for meir informasjon.



A young person with dark curly hair, wearing a yellow long-sleeved shirt, is leaning over a table covered with a silver reflective cloth. They are lighting a large white pillar candle with a match. The table is filled with many small, lit tealight candles. In the background, another person is sitting on the floor, watching. The scene is dimly lit, with the primary light source being the candles.

KONF  
IRM  
AN

20 ✠ 22



# Konfirmantåret er inndelt i 3 delar:

- a. Konfirmantopplegg
- b. Fellesamlingar
- c. Gudstenestedeltaking

## a. Konfirmantopplegg

Du kan velje mellom å vere:

**Gruppe** - konfirmant

**Medleder** - konfirmant

**Leir\*** - konfirmant

Meir informasjon om dei ulike opplegga på side 9.

6

**NB:** I påmeldings-skjemaet **på nett må du velge desse i prioritert rekkefølge** (1, 2, 3 ut frå kva du har mest lyst til. **Du MÅ sette opp alle 3**, for det er ikkje sikkert du får det du har valgt på dei første plassane. Det kan og vere begrensa plass på enkelte opplegg.

\*I høve "leir-konfirmant" så startar vi dette opplegget hvis smittevern hensyn tillet det.

## b. Fellesamlingar

I tillegg til opplegget ditt skal du også vere med på dette:

**Tema seminar**

**Nattcup** - Stad og dato kjem seinare

**Kirkens Nødhjelp** sin fasteaksjon tirsdag 05.april

**Kappeprøving, fotografering og øving til konf.dagen**

## c. Gudstenestedeltaking

Du skal også delta på **8 gudstenester** i løpet av konfirmantåret.

Du må **registrere deg i kyrkja** når du går til gudsteneste. Hvis du går til gudsteneste andre stadar eller i andre kyrkjesamfunn, sender du oss ein e-post/SMS om dette. Klarer du å få underskrift frå ein av dei tilsette i den kyrkja er det fint.

### Ministrant gudsteneste

Gjennom året skal alle konfirmantane **delta aktivt på ei gudsteneste** (ministrantgudsteneste), blant anna med lystenning, hjelpe til ved dåp og og nattverd, og liknande. Konfirmantane blir delt inn i grupper, og blir sett opp på ei gudsteneste i løpet av året. Dei møter då opp 20 minutter før, og får tildelt enkle oppgåver som dei utførar i samarbeid med ein vaksen.

Oversikt over gudstenester vil de finne på nettsida vår kyrkja.no/sula, på Facebook (Sula kyrkjelyd), samt i Sulaposten og i Sunnmørsposten.

**Gudstenestekortet gjer det lett å halde oversikt. Det får du utdelt i starten av konfirmantåret:**







# Konfirmantopplegg

**På dei neste sidene finn du litt meir informasjon om konfirmantopplegget. I løpet av august vil du få vite kva opplegg du er satt opp på.**

## **Gruppe-konfirmant**

Dei fleste konfirmantane får plass i Gruppe-konfirmant opplegget. Gruppene, ca. 15 stk. konfirmantar i kvar, samlast vanligvis rett etter skuletid. Det vil vere samling ca. anna kvar veke gjennom konfirmantåret. På samlingane et vi mat i lag, vi leikar, har konkurransar, undervisning og ulike aktivitetar. Tidligare har vi mellom anna vore på tur, padla kano, sett film og hatt kunstprosjekt. Opplegget vil variere litt frå gruppe til gruppe alt etter kven som er leiar og behov i gruppa.

## **Medleder-konfirmant**

Var du med på LysVaken som 6.klassing?

No kan du vere med som leder for 6.klassingar på:

- LysVaken med overnatting, helga 27-28.nov.
- Tidsreisa 10. og 11. mars (etter skuletid).

Undervisninga vil i stor grad vere knytta til desse arrangementa. Medleder-konfirmantane er med og lagar det trygt og kjekt for 6.klassingane. Her får du praktiske oppgåver, er med og leikar, er sosial, og kanskje blir det også litt skodespel om du vil.

## Leir-Konfirmant

Det er også mulig å vere leirkonfirmant. Her er begrensa plass, og dei første som melder seg på vil få plass på leir. Du MÅ kunne vere med på heile leiren for å velge dette alternativet, fordi leiren utgjer ein stor del av opplegget. Leiren er på Orreneset leirstad 8-11 oktober (første delen av haustferien).

Leir er for deg som likar aktive dagar med fart, frisk luft og Guds frie natur. På leir er det 2 undervisningsbolkar kvar dag, i tillegg til samlingar om kvelden. Undervisninga kan til dømes vere ute i kano på vatnet eller på tur på fjellet. Vi et alle måltid i lag, og overnattar i hytter knytt til leirstaden.

10

I tillegg til leir blir det samlingar ca. ein gang i månaden gjennom konfirmantåret. Desse vil vere på ein vekedag i ei av kyrkjene.

Sidan vi ikkje veit korleis kvardagen og reglane med tanke på smittevern blir til hausten, så kan vi ikkje love at det blir leiropplegg i år. **Det er difor ekstra viktig at de også velger andre opplegg i påmeldingsskjemaet, i prioriterte rekkefølge.** Dersom det ikkje blir leir, blir dei som har valgt dette flytta til andre grupper ut frå dei vala dei har gjort i påmeldinga.

**I påmeldinga ber vi deg også om å skrive kva du likar å gjere på fritida slik at vi veit litt meir om deg før du startar konfirmantåret.**



# KONFIRMAN\* 2022



**Konfirmantåret** skal vere eit kjekt år både for deg som konfirmant, dei heime og dei du møter som konfirmantleiarar. For å få til dette er vi avhengig av at du som konfirmant møter opp på samlingar og gudstenester, og at vi i fellesskap gjer ein innsats for at alle skal ha det kjekt og greit.

## Vi har 2 grunnreglar:

**1.** - vi fører oppmøtelister på alle samlingar, og du må møte opp på 80% av desse (gudstenestene kjem utanom dette - sjå Gudstenestedeltaking for meir informasjon).

**2.** - vi forventer at du viser vanleg folkeskikk i gruppa, både mot leiarar og medkonfirmantar. Ved brudd på dette kan vi måtte sende deg heim frå leir eller samling.

**Vi har berre gode erfaringar med konfirmantar frå tidlegare, og er sikre på at viss vi klarer å følge desse reglane blir dette eit flott år.**

## Undervisning utsett

På grunn av utsatte konfirmasjonar våren 2021, blir ikkje undervisninga for 2021/2022 starta opp før tidlegast i slutten av september/starten av oktober 2021.

**Meir info om dette kjem i august.**

Vi vil sjølvsagt følge dei reglane som gjeld for smittevern i forhold til gruppestørrelse og avstand, visst dette vert behov for til hausten.





## 10 gode grunnar til å vere konfirmant i kyrkja



- 1.** Du får oppleve kva kristen tru er. Det er meir enn eit skulefag.
- 2.** Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
- 3.** Du får oppleve eit nytt felleskap med andre på samlingar, leir eller weekend, og bli kjent med fleire.
- 4.** Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjere for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
- 5.** På konfirmasjonsdagen får dei som er glade i deg feire deg.
- 6.** Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – og kva som er viktig for deg.
- 7.** I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets små og store spørsmål.
- 8.** Du får tid til å reflektere, tenke kristisk og sjølvstendig om trua og kva kristendom er.
- 9.** Du blir ein del av eit større felleskap. Berre sjå på #konfirmantane på Tik Tok. (Sjå meir info, side 18).
- 10.** Du møter folk med ulike meiningar, og saman med dei lærer du noko felles.





# KONFIRMATION

20 ✨ 22

# Konfirmasjonsgudstenestene

- 30.04 - Indre Sula kyrkje - kl. 11.00, 13.00**
- 01.05 - Indre Sula kyrkje - kl. 11.00**
- 07.05 - Langevåg kyrkje - kl. 10.30, 12.00, 13.30**
- 08.05 - Langevåg kyrkje - kl. 11.00**

Ved påmelding kan de sette opp ønske om konfirmasjonsdag. **Vi garanterer at alle får den helga dei ønsker.** Tidlegare har vi også garantert dag, dette kan vi dessverre ikkje gjere lengre på grunn av stor pågang på enkelte dagar.

15

## Antal konfirmantar per konfirmasjonsgudsteneste

For at konfirmasjonsgudstenestene skal verte kjekke for alle, må vi setje tak på antal konfirmantar pr. gudsteneste. Dette har med lengda på gudstenestene å gjere, samt at brannforskriftene set tak på antal personar vi kan ha i kyrkjene.

I **Indre Sula kyrkje** er det plass til **max. 11 konfirmantar** pr. gudsteneste og i **Langevåg kyrkje** er det plass til **max. 18 konfirmantar**. Klokkesletta kan bli endra alt etter kor mange som ønsker dei enkelte dagane.



# Til foreldre / føresette

Det er fint om de som foreldre/føresette tek del i nokre av opplevingane til konfirmanten gjennom konfirmantåret. Vi ynskjer mellom anna at de kjem ilag med konfirmanten til gudsteneste.

Konfirmantane skal delta på 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret, og det er lagt opp til at dei skal delta aktivt med enkle oppgåver på **ei** gudsteneste (ministrantgudsteneste) i løpet av året. Les meir om gudstenestedeltaking på side 7.

## Foreldrehjelp

Det er nokre ting vi treng hjelp til i konfirmantåret. Nokre av oppgåvene er klare, medan andre kan dukke opp i løpet av året. Det er eit eige valg for foreldrehjelp i påmeldingsskjemaet.

### Dei oppgåvene som er klare:

- Vere nattevakt på leir ei natt **8-11. oktober**
- Vere vakt/medhjelper/stå i kiosk under Nattcup (Dato og stad kjem seinare)
- Vere medhjelpar/bøsseberar/sjåfør på KN-aksjonen **tysdag 05. april** (her treng vi hjelp av alle).



## Spesielle behov

Vi legg til rette for at alle som vil konfirmere seg skal få høve til det. Om konfirmanten har spesielle behov er det fint om de både skriv dette i påmeldinga, og tek kontakt med oss før konfirmantåret startar, slik vi kan finne gode løysingar ilag.

## Konfirmantavgift

**Konfirmant - gruppe / medleder 2022 er på 1100,- kr.**

**Konfirmant -leir 2022 er på 1500,- kr.**

Dette dekker mellom anna leige av konfirmantkapper og mat på alle konfirmantarrangementa. Det skal vere mulig for alle å vere konfirmant i kyrkja, og økonomiutfordringar skal ikkje vere eit hinder for det. **Ikkje nøl med å ta kontakt om de treng redusert avgift eller utsatt betaling.** Det vert sendt ut giro via e-post i løpet av hausten.

**Pass på å skrive i kommentarfeltet i påmeldingsskjemaet kven av foreldra/føresette som skal motta fakturaen.**



## Spørsmål?

Det blir strømmen infomøte «live» via **Sula kyrkjelyd** si Facebook-side onsdag 9.juni kl.18. Sjå vedlagt infoskriv for detaljar rundt dette og høve til å stille oss spørsmål på førehand.

Ta gjerne kontakt med oss om du lurar på noko. Kontaktinfo finn du bakerst i brosjyra.

**Nytt av året:** Ein nasjonal TikTok kampanje for å gi eit innblikk i korleis konfirmanttida kan vere. Ein treng ikkje eigen konto for å følge med på denne kampanjen.

# Opplev livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene



For å gi deg eit innblikk i kva kyrkjeleg konfirmanttid går ut på, deler konfirmantane i år frå livet som konfirmant på TikTok **#konfirmantene**. Der legg dei ut filmar av alt dei gjer på i konfirmasjonstida, slik som å vere med på samlingar og aktivitetar, og svarar på spørsmål i kommentarfelta.

**Søk opp #konfirmantene på TikTok, og opplev korleis det er å vere ein del av fellesskapet som konfirmant i kyrkja.**

# Kontaktinformasjon:

**A**

## Besøks**Adresse**

Sloghaugvegen 13  
Rådhuset, 3-etasje

## Post**Adresse**

Sula sokn  
PB 228, 6039 Langevåg

**S**

## Kyrkjekontor **Sentralbord**

Telefon: 70 19 96 00

Nettside: [kyrkja.no/sula](http://kyrkja.no/sula)  
Facebook: Sula kyrkjelyd  
Youtube: sulasokn


**K**

## Ansvarleg **Kontaktperson**

Kateket Barbro Godø Thomassen  
Telefon: 70 19 96 04  
Mobil: 40 84 89 21  
E-post: [konfirmant@sula.kommune.no](mailto:konfirmant@sula.kommune.no)



KONF  
IRM  
AN  
20 ✝ 22



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA  
Sula Sokn